



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 26.02.2018

Saksliste

Godkjenning av innkalling og saksliste

1/18 Godkjenning av innkalling og saksliste	3
---	---

Godkjenning av protokoll

2/18 Protokoll Møre bispedømeråd 15.12.2017	6
---	---

Tilsettingssaker

3/18 Tilsetting av fengselsprest i Ålesund fengsel	27
--	----

Saker til behandling

4/18 Rekneskap 2017	28
5/18 Prosjekt – ENØK i kirkebygg i Møre	29
6/18 Budsjett 2018	32
7/18 Årsplan 2018	34
8/18 Årsrapport 2017	35
9/18 Endring av prostigrenser i Møre bispedøme	36
10/18 Status og satsing på ungdomdemokratiet	37
11/18 Høyring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - Orientering og 1. gongs handsaming. 39	
12/18 Kystpilegrimsleia - orientering om status	41
13/18 Møte med Kirkens Nødhjelp	43

Orienteringssaker

14/18 Orienteringssaker	44
-------------------------------	----

Referatsaker

15/18 Referater 26.02.2018	45
----------------------------------	----



MØTEINNKALLING

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 26.02.2018 kl. 10:00
Sted: Møre bispedømekontor
Arkivsak: 17/00414
Arkivkode: 421

Mulige forfall meldes snarest til Silvia Slenes Andersen, sa472@kirken.no, tlf. 71 25 06 78

Forfall:

Litt om dagen:

- Åpning i kapellet kl 09:45 **v/Ingeborg Midttømme**
- Besøk fra Kirkens nødhjelp **v/Bente Hjertenæs**
- Lunsj sammen med staben kl 11:45

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

[1/18](#) Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

[2/18](#) Protokoll Møre bispedømeråd 15.12.2017

Tilsettingssaker

[3/18](#) Tilsetting av fengselsprest i Ålesund fengsel
- *Unntatt offentlighet*
Saksordfører: Olav Rønneberg

Saker til behandling

[4/18](#) Rekneskap 2017
Saksordfører: Frode Rabbevåg

[5/18](#) Prosjekt – ENØK i kirkebygg i Møre
Saksordfører: Anette Fredly

[6/18](#) Budsjett 2018
Saksordfører: Ann-Kristin Sørvik

[7/18](#) Årsplan 2018
Saksordfører: Olav Myklebust

- [8/18](#) Årsrapport 2017
Saksordfører: Ann-Kristin Sørvik
- [9/18](#) Endring av prostigrenser i Møre bispedøme
Saksordfører: Per Eilert Orten
- [10/18](#) Status og satsing på ungdomsdemokratiet
Saksordfører: Maren E. Jensen
- [11/18](#) Høring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner -
Orientering og 1. gongs handsaming
Saksordfører: Rikke Kopperstad
- [12/18](#) Kystpilegrimsleia - orientering om status
Saksordfører: Ingeborg Midttømme
- [13/18](#) Møte med Kirkens Nødhjelp
Saksordfører: Therese K.B Utgård

Orienteringssaker

- [14/18](#) Orienteringssaker 26.01.2018

Referatsaker

- [15/18](#) Referatsaker 26.02.2018

Molde 16.02.2018

Dette dokumentet er unntatt offentlighet.

Tittel: Tilsetting av fengselsprest i Ålesund fengsel

Tilgangskode: Unntatt offentlighet

Paragraf: Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	121	17/02919-10	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
4/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Rekneskap 2017

Førebels

Saksorientering

Saksframlegg og rekneskap 2017 er under utarbeiding og vil bli publisert på møteportalen når det er klart.

I denne saka blir bispedømerådet orientering om rekneskap for 2017. Det er Kyrkjerådet som formelt godkjenner rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja.

Rekneskapsrapport for administrasjon og presteskap pr 31/12 i høve til budsjett ligger vedlagt. I tillegg ligger rekneskapsrapport i høve til tildeling for 2017. Auka kostnadar som følgje av lønsoppgjer er i hovudsak kompensert gjennom auka tilskot. Budsjettet er ikkje revidert i løpet av året.

Nokre kommentarar:

Administrasjonen

Presteskapet:

Tilskot

Samla konklusjon:

Forslag til vedtak

Skriv inn teksten her.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	551	18/00960-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
5/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Prosjekt ENØK i kyrkjebygg i Møre

Vedlegg:

Prosjektbeskrivelse 2018

Saksorientering

Denne saka er ei vidareføring av sak om energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme. Prosjektgruppa legg fram saka og bispedømerådet gjer vedtak på grunnlag av den informasjonen og dei vurderingane som blir gjort.

Saksorientering frå prosjektgruppa:

Prosjektet Energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme er behandla 16.06.2017 i sak 33/17 i bispedømerådet. Bispedømerådet har stilt seg bak organisering og innhald i prosjektet, der ein samarbeider med fellesråda gjennom styret for Kyrkjevjerlaget i bispedømet. Styringsgruppe og prosjektgruppe er etablert, og det er klart for å gjere avtale med NTNU Ålesund om engasjement av prosjektleiar.

Målet med prosjektet er å redusere klimafotavtrykket for kyrkjene i Møre bispedøme, i samsvar med tilråding frå Kyrkjerådet (Klimaplan for Den norske Kyrkja blei godkjend i 2015 i Kyrkjerådet). Så langt vi har registrert, er vi det første bispedømet som no vil gjennomføre prosjekt av denne type og omfang, og vi meiner dette representerer eit godt døme på at Kyrkja tar ansvar i klimakampen. Koplinga til omsorg for våre medmenneske i alle land, og til våre etterkommarar, er åpenbar, og resultatet av prosjektet vil kunne marknedsførast med at Kyrkja tar ansvar som ein viktig samfunnsaktør.

Prosjektet er tenkt gjennomført i 3 faser, slik dette går fram av vedlagt prosjektplan (GANTT-diagram):

Fase 1: Gjennomføring av ei rundspørjing til felleråda, utvelging av aktuelle tema, samt utarbeiding av informasjonsstrategi.

Fase 2. Oppsett av rapport/rettleiing til fellesråda, inklusive kontakt med/avklaring andre samfunnsaktørar.

Fase 3: Oppfølging/støtte av aktuelle fellesråd.

Utgifter knytt til Fase 1 vil budsjettmessig bli dekt av dei einkilde partane sine ordinære driftsbudsjett (bispedøme, KA, Fellesråda gjennom Kyrkjevjerlaget).

Utgifter i Fase 2 knytt til prosjektleiar er tenkt dekt av bispedømet og av KA. Øvrige møteutgifter m.v. er føreset dekt av driftsbudsjetta, jfr. Fase 1.

Utgifter i Fase 3: Tilsvarande som i Fase 2, men innsats frå prosjektleiar vil bli vesentleg redusert i høve til i Fase 2.

Konklusjon økonomi:

Behov for ekstern finansiering er for 2018 estimert til kr. 135 000, og for 2019 kr. 50 000, som i vesentleg grad vil dekke lønskostnader for prosjektleiar. Her vil det bli gjort eigen avtale med NTNU Ålesund for frikjøp av Max Ingar Mørk som har høg kompetanse innan det aktuelle fagfeltet. Sjå elles omtalen i prosjektbeskrivelsen.

KA har i møte 01.02.2018 gjort vedtak om å bidra med kr 25 000 til prosjektet for 2018. Dette inneber eit behov for bidrag frå bispedømet med kr. 110 000 for dette året.

Forslag til vedtak frå prosjektgruppa

1. Møre bispedømeråd godkjenner prosjektbeskrivelse, prosjektplan og budsjett for «Energioptimalisering i kyrkjene i Møre bispedøme» for perioden 2017-2019.
2. Møre bispedømeråd set av kr 110 000 som sin andel av finansieringa av prosjektet for 2018. Det blir føresett at prosjektbudsjett for 2019 blir lagt fram for bispedømerådet på møte(okt/nov 2018).
3. Møre bispedømeråd gir stiftsdirektøren fullmakt til å inngå avtale med NTNU Ålesund om Max Ingar Mørk si rolle i prosjektet, inklusive forvaltning av økonomi i samsvar med prosjektbeskrivelsen/ prosjektplanen.

Saksutgreiing frå administrasjonen

Gjennom vedtak i sak 33/17 initierte Møre Bispedømeråd vilje til å opprette prosjektgruppe med tanke på å forme ut eit enøk-prosjekt for kyrkjene i bispedømet. Bispedømerådet gav sterk støtte til prosjektet si målsetjing om å redusere klimafotavtrykket frå kyrkjene gjennom kartlegging, utarbeiding av rapport og ved konkret oppfølging/støtte til aktuelle fellesråd. No har prosjektgruppa utforma prosjektet og legg ved eiga saksutgreiing og framlegg til vedtak.

Administrasjonen vil supplere saksutgreiinga til prosjektgruppa med fokus på økonomiske og administrative konsekvensar. Framlegg til vedtak følgjer av dette.

Møre biskop og bispedømerådet som godkjenningsorgan.

Møre Biskop godkjenner etter §18 i kyrkjelova «anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr», og departementet godkjenner etter §21 i same lov, «oppføring, ombygging, utvidelse og nedleggelse av kirke». I samband med realisering av enøk-tiltak i kyrkjene, vil sakshandsamar få sakene til handsaming på vegne av biskop/bispedømeråd. For at det ikkje skal oppstå tvil om habilitet, er det viktig at sakshandsamar i desse forvaltningssakene ikkje blir knytt til prosjektgruppe eller til styringsgruppe.

Administrative konsekvensar

Prosjektgruppa ser for seg at administrasjonen ved bispedømekontoret skal tre inn i prosjektgruppa med ein administrativ ressurs. Det er tenkt at denne ressursen skal ivareta den daglege/administrative leiinga av prosjektet, gjennom kontakt med prosjektleiar og medlemene i gruppa og ved å ha ansvar for møteinnkallingar og referat.

Administrasjonen vurderer at bispedømekontoret har personalressursar til å gå inn i prosjektet slik som skissert. Det er ønskeleg at prosjektgruppa kan fungere sjølvstendig i høve til bispedømet sine løna personalressursar. Bispedømekontoret kan dekke reise til møta i prosjektgruppe og styringsgruppe, og ein av dei tilsette i kyrkjelivsavdelinga kan vere kontaktperson og bindeledd mellom bispedømekontor og prosjektleiing.

Økonomiske konsekvensar

Prosjektgruppa ber om kr. 110 000 til prosjektstøtte i 2018 og om kr. 25 000 i 2019. Møre bispedøme har ikkje i budsjettarbeidet for 2018 teke høgde for å støtte enøk-prosjektet i den storleik som er skissert. I ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon, der bispedømerådet lyt redusere stillingar, er det vanskeleg å tilrå at bispedømet skal gi kr. 110.000 i støtte for 2018. Eit perspektiv på finansieringa er å fokusere på kva rolle og posisjon fellesråda skal ha til prosjektet. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene. Det kan opplevast som uheldig om bispedømerådet legg opp til ei enøk-satsing der fellesråda ikkje sjølv har styring og eigarskap. Vi trur det er ein styrke for prosjektet at deltakande fellesråd forpliktar seg til prosjektet ved å auke sin del av finansieringa. I tillegg til

å halde kontor og dekke reise til prosjektgruppemøta, vil administrasjonen gå inn for å bruke kr. 40 000 av ovf-midlane til prosjektet. Ein konsekvens av ei slik støtte vil bli at tilskotet til andre prosjektsøknader frå organisasjonar og kyrkjelydar blir tilsvarande redusert.

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd godkjenner hovudlinjene i prosjektet Energiøkonomisering i Kyrkjebygg i Møre, men viser til merknadane som kjem fram i administrasjonen si saksutgreiing og konsekvensar for samansetninga av prosjektgruppa.
2. Møre bispedømeråd godkjenner ikkje prosjektbudsjettet slik det er skissert frå prosjektgruppa, og viser til merknadane frå administrasjonen si saksutgreiing.
3. Møre bispedømeråd støttar prosjektet med kr. 40 000 ved å omfordele ovf.midlar.
4. Bispedømerådet ber stiftsdirektør følgje opp vedtak overfor prosjektgruppa og eventuelt inngå avtale om prosjektleiing innanfor ramma av godkjent budsjett.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	110	17/05281-8	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
7/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

BUDSJETT 2018

Saksorientering

Til grunn for saka ligger bispedømerådet sin behandling av sak 65/17 om førebels budsjett 2018 og 64/17 om økonomisituasjonen og ressursfordelinga i Møre bispedøme.

Forutsetningane for behandling av budsjett 2018 er i liten grad endra frå bispedømerådet gjorde vedtak om førebels budsjett.

Den økonomiske situasjonen for bispedømet er utfordrande. Auken i tildelinga har over tid ikkje auka i samsvar med endringane i lønsutgiftene.

Ved inngangen til 2017 hadde Møre bispedøme med seg eit mindreforbruk på om lag kr 3 000 000. Dette har gitt forholdsvis moderate krav til innsparing i 2017. Det har lenge vore kjent i organisasjonen at vi må redusere aktiviteten frå 2018.

Møre bispedøme har motteke førebels tildelingsbrev frå Kyrkjerådet. Endeleg tildelingsbrev kjem frå Kyrkjerådet når tildeling er gitt frå departementet. Dette ventar ein på enno

Størstedelen av utgiftene er lønsutgifter. Tildelingane dei seinare åra har ikkje auka like mykje som auken i lønsutgiftene. Dette gjer at vi må redusere utgiftene for å få samsvar mellom tildeling og utgifter. Driftsutgiftene utgjer ein liten del av utgiftene, og innsparingar her gir ein begrensa effekt. Sidan vi ikkje har nokon oppspart kapital vi kan nytte, blir løysinga å redusere talet på tilsette.

Driftsutgiftene for presteskapet og administrasjonen er i all hovudsak vidareført. Mindre justeringar er gjort ut frå rekneskapstala for 2017.

Kvart sokn har sin sokneprest, men alle prestar har prostiet som tenestedistrikt. Prestane kan difor nyttast i ulike delar av prostiet for å få best mogleg teneste for kyrkjelydane innanfor tilgjengelege ressursar. Samarbeidsområde er i praksis avvikla, og prestane har heile prostiet som tenestestad.

Talet på prestestillingar vil få konsekvensar for forordningane. Biskopen fastset forordningane ut frå ressursane i prostia.

Det er fleire usikre faktorar når det gjeld tildelingane i åra framover. Fordelingsnøklar for tildelinga frå kyrkjerådet skal vurderast på nytt og organisering av kyrkja er i endring. Vi legg

difor fram eit forslag om midlertidig reduksjon i talet på årsverk. Vedtaket vil gjelde for 2018 og 2019. I løpet av denne perioden vil ein arbeide fram varige løysingar.

I 2018 og 2019 får prostia følgjande presteressursar:

Prosti:	Stillingar i 2018 og 2019:	Endring:
Domprostiet	11,80	-0,6
Søre Sunnmøre	13,00	-1,0
Austre Sunnmøre*	7,30	-0,7
Nordre Sunnmøre	15,75	-0,95
Indre Romsdal	6,00	-0,30
Ytre Nordmøre	9,50	-0,80
Indre Nordmøre**	8,80	0,00
		4,35

* I Austre Sunnmøre er det prestar som utfører prostesekretærarbeidet.

** I Indre Nordmøre gjer prosten 20 % prostesekretærfunksjon som ein ordinær del av si stilling.

Endring i kommunegrenser gjer at endring av prostia blir vurdert. Økonomiske konsekvensar av dette er ikkje teke med i budsjett for 2018.

Budsjettet gir retningslinjer også for

Arbeidsplanlegging og bruk av vikar

Rammer for vikar

ved ferie

ved sjukdom

ved vakanse

ved foreldrepermisjon

ved studiepermisjon

Administrativ ressurs for prostar/prostesekretær

Ressursar til konflikthandtering

Studentprestteneste

Det er behov for studentprestteneste i Ålesund, Volda og Molde. Vi vurderer at det ikkje er midlar til nye stillingar til dette, og arbeidet må difor organiserast innafør dei ressursane som er til prestetenesta i desse områda.

Prosjekter og tiltak

Ei nærare oversikt over planlagte prosjekter og tiltak med økonomisk konsekvens ligger som vedlegg. I budsjettet blir det lagt til grunn gjennomføring av stiftsdagar, faglege samlingar og prostifagdagar i 2018. Omfanget av vikarar, vegleiieng og andre personaltiltak framgår også.

Aministrasjon og bispedømeråd

Driftskostnadar knytta til bispedømekontoret utover løn blir vidareført når det gjelder husleige, strøm og reinhald. Det ligger ein reduksjon i stillingsressurs på om lag 0,75 årsverk då det i liten grad skal brukast vikarar. Det blir gjort nokre reduksjonar i inventar, utstyr og drift. Antal møter i bispedømerådet bør ut frå budsjettsituasjonen bli vurdert redusert.

Resultat 2017

Resultatet frå 2017 vil påverke tildelinga i 2018 ved at mindreforbruk blir overført og meirforbruk blir trekt frå. Dette er i ferd med å bli klarlagt.

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd vedtar budsjett 2018.
2. Ved større endringar i føresetnadene for budsjettet ber bispedømerådet om å få revidert budsjett til handsaming.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	422	17/05416-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
11/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Status og satsing på ungdomsdemokratiet

Saksorientering

I denne saka blir bispedømerådet orientert om status for arbeidet med ungdom- og ungdomsdemokrati. Det blir og grunnlag for samtale i bispedømerådet om satsinga vidare i Møre.

I 2016 gjennomførte Møre Bispedøme «Ungdomsåret». Bispedømerådet har fått orientering og rapport frå denne satsinga. Prosjektleiar gjekk over i redusert stilling etter ungdomsåret og blei knytt til bispedømekontoret som rådgivar ungdom i 20% stilling. Engasjementet blei avslutta 31. des. 2017.

Ved høve har utfordringane knytt til ungdomsdemokrati og aldersgruppa 15 – 30 fått fokus i leiargruppe og i kyrkjelivsavdeling. I samband med utlysing av vikariat for rådgivar diakoni, gjekk ein inn for å utvide stillingsressursen til 50% og leggje oppgåvene knytt til ungdomsdemokrati inn i diakonirådgivarstillinga.

Utfordringane blei ikkje heilt løyste då rådgivarvikar i diakoni, berre har høve til å gå inn i 30% av den utlyste 50%-stillinga.

Heldigvis har bispedømekontoret blitt tilført personalressursar tilsvarande 20%- stilling. Inger Marie Jakobsen Sylte har fått tilbod om tilrettelagt arbeid innanfor 40% stilling, og ho har blitt overført bispedømekontoret frå tidlegare presteteneste. Inger Marie har søkt om permisjon i 20% av og er no tilsett i 20 % stilling som spesialprest.

Kyrkjelivsavdelinga ønskjer å forankre ansvar og oppgåver knytt til ungdomsspørsmål og ungdomsdemokrati i fagområda under diakoni og undervisning. Saman med rådgivarane vil Inger Marie ha sitt arbeidsområde knytt til ungdom og ungdomsdemokrati.

Dei prioriterte oppgåvene vil vere å drifte ungdomsrådet, planlegging/gjennomføring av ungdomsting og tilrettelegging for deltaking på ungdommens kyrkjemøte. Men både med utgangpunkt i personalressursar og behov, ønskjer kyrkjelivsavdelinga å styrkje kontakt og samarbeid med dei kyrkjelege ungdomsmiljøa i bispedømet. Nettverksbygging for leiarar i det kristne ungdomsarbeidet, tilrettelegging av fysiske og digitale møtepunkt for unge, og å inspirere til kontakt mellom dei ulike regionane og ungdomsmiljøa i bispedømet, blir viktige

utfordringar. I tillegg ønskjer avdelinga, i tråd med kyrkja sine egne prioriteringar, å leggje vekt på rekruttering til kyrkjeleg teneste. Vi vil heie på leiarutvikling og arbeide for å støtte og stimulere organisasjonar og kyrkjelydar/prosti til å ha fokus på leiartrening og rekruttering. Dei kyrkjelege ungdomsorganisasjonane si utfordring til Dnk om samarbeid gjennom dokumentet «Kirkens Unge - en strategisk plattform for forpliktende samhandling om Den norske kirkes barne- og ungdomsarbeid» er eit godt eigna utgangspunkt for fornya dialog og samarbeid med dei kristne ungdomsmiljøa i bispedømet.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tar orientering om status for satsing på ungdom og ungdomsdemokrati til vitande.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Ole Kristian With Due	610	18/00239-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
12/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Høring: Justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - orientering og 1. gongs handsaming

Vedlegg:

Hoering_2018_Justering_hovedgudstjenesten_og_alminnelige_bestemmelser_Hoeringsdokumentet.pdf

Hoering_2018_Justert_Ordning_hovedgudstjenesten.pdf

Hoering_2018_Justering_hovedgudstjenesten_og_alminnelige_bestemmelser_hoeringsbrevet.pdf

Notat om gudstenestereforma og aktuelle spørsmål i høringa 2018.docx

Saksorientering

Kyrkerådet sendte 5. januar i år ut høringa «Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelse» til fleire høringsinstansar, og Møre bispedømeråd og biskop er mellom dei. Kyrkjelydane er også «velkomne til å delta i høringen».

Høringa omfattar ei justering av ordninga for hovudgudstenesta (og allmenne føresegner), basert på både forskning og erfaringar med bruk av ordninga etter innføringa i 2011. Sjølv om justeringa i seg sjølve ikkje har nokre store endringar, er den ein del av ein lang reformprosess, og det krev difor tid å gjere ei god vurdering av høringa.

Difor forslår ein at Møre bispedømeråd handsamar saka over to møter, og at denne første handsaminga vert ei orientering om gudstenestereforma, prinsippa bak henne, og ei diskusjon av nokre av dei meir generelle høringsspørsmåla. På bakgrunn av handsaminga i denne saka vil ein så utarbeide eit konkret forslag til høyrings svar som vert endeleg handsaming i eit seinare møte i vår.

Som det er notert i høyringsbrevet frå Kyrkerådet, er høringa, og forslaget til justert ordning på bokmål. Nynorsk utgåve er etterspurd, og vi er også oppmoda til å vurdere høringa og gudstenesteordninga frå eit nynorsk språkleg perspektiv.

Vedlagt i saka er «Notat om gudstenestereforma og aktuelle spørsmål i høringa 2018» (utarbeidd av administrasjonen), samt høyringsbrevet, høyringsnotatet og den justerte ordninga frå kyrkerådet.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek saka til orientering. På bakgrunn av diskusjonen i dette møtet, bed bispedømerådet om at det vert utarbeida eit forslag til eit høyringssvar til handsaming i eit seinare møte i bispedømerådet.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
John Erik Brakstad	630	18/00859-5	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
12/18	Møre bispedømmeråd 2016-2019	26.02.2018

Kystpilegrimsleia - orientering om status

Vedlegg:

Vedlegg 4 - Pilegrimsbønn i Ytre Nordmøre prosti.docx

Vedlegg 5 - Brosjyre seminar Pilegrim i troens hus.pdf

Vedlegg 1 - Søknad om godkjenning som nasjonal pilegrimsveg.pdf

Vedlegg 2 - Kystpilegrimsleia_forprosjektrapport.pdf

Vedlegg 3 - Hovedtur Kystpilegrimsleia .xlsx

Saksorientering

I desember 2017 godkjente Nasjonalt Pilegrimssenter Kystpilegrimsleia som ny pilegrimsled. (Vedlegg 1 - Søknad om godkjenning) Dermed har leia langs kysten frå Stavanger til Trondheim fått status som europeisk kulturveg, under namnet St. Olavsvegane. Dette inneber at Møre bispedømme har to godkjente pilegrimsleder i vårt område; Valldalsleia frå Valldal til Dovre som blei godkjent i 2015, og no Kystpilegrimsleia.

Sjølve opninga av Kystpilegrimsleia vil finne stad i juni 2018, med arrangement langs heile kysten og med eitt hovudarrangement i kvart fylke. I Møre og Romsdal blir hovudarrangementet på Smøla laurdag 23. juni. Dette vil også være det nasjonale hovudarrangementet i samband med opninga av Kystpilegrimsleia. Kongehuset var invitert til arrangementet, men hadde ikkje høve. Det blir arbeid med å få på plass representasjon på statsrådnivå. Etter plana kjem redningsस्कøyta «RS 30 Risør II» til å segle frå Egersund til Trondheim i samband med dei fylkesvise opningsarrangementa. Turen er planlagt i tidsrommet 1 - 24. juni. Planlegginga vi skje i nært samarbeid med Forbundet Kysten og lokale kystlag vil bli kopla på undervegs. Båten vil segle gjennom vårt bispedømme veka før hovudarrangementet på Smøla, og det vil bli lagt opp til markeringar på nøkkelstadane for Kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal fylke. Sjølve hovudarrangementet på Smøla er eit samarbeid mellom Riksantikvaren, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møre bispedømme og Smøla kommune. Riksantikvar, fylkeskommune og Smøla kommune finansierer arrangementet.

Med godkjenninga av Kystpilegrimsleia som ein av St. Olavsvegane, er arbeidet med å få etablert ei samanhengande pilegrimslei langs kysten no kome inn i ein ny fase. Arbeidet starta i 2012 med eit forprosjekt for å utgreie etablering av Kystpilegrimsleia frå Rogaland i sør til Nidaros i nord. Arbeidet i forprosjektet munna ut i ein omfattande rapport som har vore eit viktig grunnlagsdokument for den vidare utviklinga av prosjektet (Vedlegg 2 – Kystpilegrimsleia-forprosjektrapport).

I 2014 kom Kystpilegrimsleia med under Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram. Riksantikvaren har, saman med fylkeskommunane, bidrege med ein stor del av dei finansielle ressursane i

prosjektet og følgt prosjektet tett. Deira støtte og engasjement for å få på plass kystleia som ein integrert del av den nasjonale pilegrimshistoria, har vore avgjerande for det omfattande arbeidet som er lagt ned av fylkeskommunane og bispedøma. Prosjektet gjennomførte i 2014 ein lanseringsseglas med «M/S Nordstjernen» frå Stavanger til Trondheim. I 2016 tok NCE-Tourism over som prosjektleiar for prosjektet. NCE – Norwegian Centres of Expertise – er ei felles nemning på i alt 12 prosjekt som ligg under Arena-programmet til Innovasjon Norge. NCE Tourism legg til rette for reiselivsmessig innovasjonsarbeid, og har styrka prosjektet i høve næringsinteresser. I oktober 2017 blei det invitert til ein testtur frå Bergen til Selja for inviterte reiselivsaktørar frå Europa, og turen blei svært godt motteken. Det blir no arbeida med å lage eit turopplegg som skal seljast inn i fleire land, med ein 11-dagars pilegrimsreise frå Stavanger til Trondheim. (*Vedlegg 3 - Hovedtur Kystpilegrimsleia*). Det blir også lagt opp til etappevise turopplegg, der reisande kan oppleve delar av Kystpilegrimsleia.

Det er dei fem fylkeskommunane langs kysten som er prosjekteigararar. Prosjektet har ei styringsgruppe samansett av politiske representantar frå kvar av fylkeskommunane, i tillegg representerer biskop Ingeborg Midttømme Den norske kyrkja. Under styringsgruppa er det ei prosjektgruppe representert med medlemmar frå administrasjonen i dei fem fylkeskommunane og dei fire bispedøma. I denne gruppa har kulturrådgjevar John Erik Brakstad vore Møre bispedøme sin representant.

Kyrkja har under heile arbeidet med å få etablert Kystpilegrimsleia hatt hovudansvar for det det andelege pilegrimsinnhaldet, og å engasjere kyrkjelydane som blir involvert langs leia. I juni 2017 arrangerte prosjektet ein workshop i Bergen med fokus på liturgiar og kyrkjeleg innhald i prosjektet, der prost i Ytre Nordmøre prosti – Gerd Anne Aarset hadde ei sentral rolle. (*Vedlegg 4 - Pilegrimsbønn i Ytre Nordmøre prosti*)

Møre bispedømeråd arrangerte hausten eit seminar i samarbeid med KKKK-festivalen, med tema «Pilegrim i troens hus». (*Vedlegg 5*) I desember 2017 inviterte Møre og Romsdal fylkeskommune og Møre bispedøme representantar frå kommunane, kyrkjelydane og musea i dei seks nøkkelstadane i bispedømet til eit møte i bispebustaden. Dette blei eit viktig møte for det vidare arbeidet som må gjerast på kvar av desse nøkkelstadane fram mot opninga av leia i juni. Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvd midlar for dei komande tre åra som nøkkelstader kan søkje på for å styrkje nøkkelstadane og legge til rette for besøkande langs Kystpilegrimsleia. Riksantikvaren har også verdiskapingsmidlar det kan søkjast på til føremålet.

Kulturdepartementet sette i 2017 i gang eit arbeid som i løpet av 2019 skal ende opp med ei ny statleg plan for pilegrimssatsinga i Noreg. Med bakgrunn i dette arbeider prosjektorganisasjonen no med å finne ei vidare organisering av Kystpilegrimsleia i ein mellomfase frå opninga av leia i juni 2018 og fram til ny plan for den nasjonale pilegrimssatsinga ligg føre. I denne mellomfasen vil Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim vere ein viktig samarbeidspart for prosjektet.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek orienteringa om Kystpilegrimsleia til vitande.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	012	18/01080-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
13/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Møte med Kirkens Nødhjelp

Saksorientering

I denne saka møter bispedømerådet Kirkens Nødhjelp v/Bente Hjertenæs til orientering og samtale.

Tema vil vere

- KN sin organisasjon og forankring i Den norske kyrkja,
- Informasjon om arbeidet, og særleg om arbeidet i Møre
- Utfordringar og satsingsområder for Kirkens nødhjelp
- Om forventningar KN har til biskop og bispedømeråd og vice versa.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd takkar Kirkens Nødhjelp for informasjon og samvirke



DEN NORSKE KIRKE

Møre Avdeling for personal og administrasjon

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Silvia Slenes Andersen	421	18/01078-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
14/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Orienteringssaker

Tilsettinger i 2017 og delvis plan for tilsettingar i 2018 per februar 2018

Vedlegg:

Tilsettinger i 2017 og delvis plan for tilsettingar i 2018 per februar 2018
393009_284564_0.xlsx

Saksorientering

Skriv inn teksten her.

Forslag til vedtak

Skriv inn teksten her.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Silvia Slenes Andersen	421	18/01078-3	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
15/18	Møre bispedømeråd 2016-2019	26.02.2018

Referater 26.02.2018

- Referat fra Kontaktmøtet 29.11.2017
- Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 31.01.2018
- Referat frå møte i RAMU Møre 31. januar 2018

Vedlegg:

Referat fra Kontaktmøtet 29.11.2017.pdf

Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 31. januar 2018.docx

Referat frå møte i RAMU Møre 31. januar 2018.docx2.docx

Saksorientering

Skriv inn teksten her.

Forslag til vedtak

Skriv inn teksten her.